



UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017

Rapport og rekneskap til Sparebankstiftelsen SR-Bank



INNHALD

INNLEIING	2
Kort om UKM og UKM Hordaland	2
UKM-FESTIVALEN I HORDALAND 2016	3
Samarbeid med produsent	3
Ungdomsmedverknad	3
Nye satsingar i 2016	3
Gjennomføring	8
Økonomi	9
UKM-FESTIVALEN I HORDALAND 2017	10
Ungdomsmedverknad	10
Nye satsingar i 2017	10
Gjennomføring	13
Økonomi	14
VEGEN VIDARE	15
Samarbeid med produsent for åra 2018-2019	15
UKM-festivalen i Hordaland 2018	15

Innleiing

Våren 2015 vart Kultur- og idrettsavdelinga kontakta av Sparebankstiftelsen SR-Bank om at stiftinga hadde ønskje om eit samarbeid om UKM i Hordaland. Stiftinga vidarefører sparebanktradisjonar med å gi tilbake til lokalsamfunn, og særleg prosjekter som kjem barn og unge til gode. Sparebankstiftelsen SR-Bank presenterer seg som ein mild gåvegivar utan motyting. Etter å ha blitt informert om kva planer Hordaland fylkeskommune hadde for UKM Hordaland for åra 2016 og vidare, svarte stiftinga med at dei ønskja å tildele ei gåve utan motyting på 500 000 kroner til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid om UKM Hordaland, fordelt likt over åra 2016 og 2017. Saka var oppe til politisk handsaming i Kultur- og ressursutvalet 16.04.15 og fylkesordførar signerte avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftelsen SR-Bank.

Dette dokumentet inneheld rapport og rekneskap for UKM Hordaland åra 2016 og 2017 og viser kva moglegheiter gåva frå Sparebankstiftelsen SR-Bank har gitt i dette arbeidet.

Hordaland fylkeskommune takkar Sparebankstiftelsen SR-Bank for gåva som har gitt Kultur- og idrettsavdelinga høve til å styrke satsinga kring UKM Hordaland og UKM-festivalen i Hordaland. Deltakerane på UKM-festivalen i 2016 og 2017 har hatt høve til å vere med på fleire ulike workshops og sosiale aktivitetar på kveldstid, i tillegg til at scenedeltakerane har fått høve til å spele med eit profesjonelt husband framfor playback under UKM-festivalen i Hordaland. Det er særleg på desse områda at gåva frå Sparebankstiftelsen SR-Bank har vore nytta.

KORT OM UKM OG UKM HORDALAND

UKM er eit nettverk av små lokale festivalar / mønstringar der ungdom kan delta med all slags kulturuttrykk. Kvar kommune sender ungdom vidare til ein fylkesfestival som representantar for sin kommune. Frå fylkesfestivalane vert det vidare sendt om lag 30 deltakarar til den nasjonale UKM-festivalen som representantar frå kvart fylke. Denne gruppa skal spegle breidda i det unge kulturlivet i fylket. UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass for ung kultur.



Foto: UKM Media Hordaland

UKM Hordaland er ein del av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitiske plattform. Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland og avviklinga av UKM-festivalen i Hordaland kvart år.

Frå hausten 2014 har oppgåva som fylkeskontakt i UKM Hordaland vore lagt til ein tilsett ved seksjon for kunst- og kulturformidling i Kultur- og idrettsavdelinga. Denne personen fungerer som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, regionalt og lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og Ungdommens Ressursgruppe (URG). UA er eit nasjonalt prosjekt i regi av UKM Norge, og vart etablert hausten 2010. Ungdommane som deltek som UA i UKM skal involverast i planleggingsprosess og gjennomføringa for å sikre ungdomsmedverknad i mønstringane / festivalane på alle plan i UKM. URG vart etablert i 2009 av UKM Norge og er ei gruppe ungdommar som gjennom heile året jobbar mot eit betre UKM for deltakarane både lokalt, regionalt og nasjonalt. Kvar fylke skal ha ein ungdomsrepresentant i URG og dei 19 ungdommane i URG vert invitert på helgesamlingar i regi av UKM Norge to gongar i året.

Vi ser på arbeidet med UKM i Hordaland som ein felles oppgåve for fylkeskommunen og kommunane som arrangerer UKM. Kvar haust vert alle kommunekontaktane (lokallarrangørane) i UKM invitert til ei nettverkssamling for UKM i Hordaland i regi av seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne samlinga er eit godt høve for informasjonsutveksling og diskusjon, i tillegg til at alle kommunekontaktane til å kome med innspel om endringar eller nye idear. Representantar frå UA og URG er og invitert til desse samlingane for å fortele litt om kva dei gjer og kvifor det er viktig med ungdomsmedverknad i eit ungdomsarrangement.

Ungdomsmedverknad har vore ei særleg satsing i arbeidet om utviklinga av UKM Hordaland. Fylkeskontakten har frå hausten 2014 hatt jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og ungdommens referansegruppe (URG). I møte med desse ungdommane fekk dei sjølv sette premissane på korleis fylkesmønstringa til UKM Hordaland skulle gå føre seg i 2015 og arbeidet med vidareutvikling av UKM-festivalen i Hordaland i 2016 og 2017. Deira innspel har vore grunnleggjande i arbeidet med utviklinga.

UKM Norge legg føringar for korleis eit UKM-arrangement på fylkesnivå kan, bør og skal vere. UKM Norge inviterer alle 19 fylkeskontaktane til to felles samlingar i året, der den eine er ei konferanse på hausten og den andre er eit arbeidsseminar om våren. I tillegg til å delta på desse samlingane har HFK gjennomført ei kartlegging av korleis dei andre fylkeskommunane arrangerer sine fylkesfestivalar.

Det har vore lagt ned eit større arbeid for å styrke og vidareutvikle UKM Hordaland. UKM-festivalen i Hordaland har utvikla seg til å bli ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjer ein heilskap, og eit minne for livet for ungdommane som deltek. Vår målsetjing er at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye vener.




Foto: UKM Media Hordaland

UKM-festivalen i Hordaland 2016

SAMARBEID MED PRODUSENT

August 2015 starta prosessen i arbeidet med anskaffing av ein produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017. Etter ei grundig og heilskapleg vurdering vart det konkludert at AKKS Bergen ville vere den samarbeidspartnar med høgast kompetanse på gjennomføring av UKM-festivalen i Hordaland som produsent for åra 2016 og 2017. Produsent og fylkeskontakt samarbeider om utvikling og gjennomføring av UKM-festivalen i Hordaland, i tett dialog med ungdomsgruppa.

UNGDOMSMEDVERKNAD

Fylkeskontakt og produsent gjennomførte jamlege møter med ungdomsgruppa etter fylkesmønstringa i 2015 og fram til UKM-festivalen i Hordaland 2016. Ungdommane sine innspel fekk stor påverknad for UKM-festivalen i Hordaland 2016, i tillegg til resultatane frå evalueringa frå 2015. Dei kom m.a. med mange innspel på kva workshops vi burde tilby deltakarane, deriblant at det burde vere ein workshop for UA i forkant av festivalen.

Ungdommane var og veldig positive til å innføre «prinsipp for deltaking» under UKM-festivalen i Hordaland. Med «prinsipp for deltaking» vil dei seie at det er eit føremon at deltakarane er tilstade under UKM-festivalen i Hordaland frå fredag kveld til siste framsyning søndag. Ungdommane meinte dette ville føre til ei større oppleving for deltakarane under festivalen. I tillegg vil dei deltakarane som får tilbod om å vere med til UKM-festivalen (landsfestivalen) ha kjent litt på kva det inneber å vere tilstade på ein slik ungdomsfestival. Under UKM-festivalen i Trondheim er det meir enn 550 ungdommar frå heile landet tek del i festivalen og overnattar i lag på ein skule i 5 dagar.

NYE SATSINGAR I 2016

Alle dei nye satsingane frå 2015 vart vidareført til 2016. I tillegg til dette, og innføring av nytt namn, vart vi einig med ungdommane om å innføre desse nye satsingane for UKM-festivalen i 2016, etter råd og innspel frå ungdommane sjølve:

1. UA-workshop i forkant av UKM-festivalen:

Ungdommane meinte at UA burde ha ein workshop i forkant av UKM-festivalen i Hordaland 2016 slik at desse deltakarane er førebudd på det arbeidet som ventar dei, i tillegg til at dei blir kjent med kvarandre før festivalen.

Resultat: 11.-13.mars gjennomførte vi ein UA-workshop for dei som var påmeldt som arrangørar og sceneteknikarar i påmeldingssystemet. 3 vaksne frå UKM Norge vart engasjert til å halde denne workshopen, der ein av desse hadde ansvar for å gi UA ein opplæring i sceneteknikk. Fylkeskontakt og produsent var tilstade under heile workshop-helga. Mat og overnatting var inkludert for alle UA-deltakarane. Workshop-program starta kl.10 laurdag og sundag. Fredag og laurdag ettermiddag og kveld var det sosiale aktivitetar på programmet. Desse aktivitetane vart planlagt på førehand av ungdomsgruppa i lag med fylkeskontakt og produsent.

2. Utvide festivalen frå 2 til 3 dagar, inkludert «Kick-off»:

Vi opplevde under fylkesmønstringa 2015 at det var svært kort tid laurdag morgon å sette opp produksjonen. Det var eit sterkt ønskje å ha meir tid til å henge opp plakatar, gjere klar Sekretariat og billettbod o.a. før alle deltakarane kom til arena. Samtidig meinte ungdommane at vi burde starte heile UKM-festivalen i Hordaland med eit «Kick-off» fredag kveld for å samle alle deltakarane til å bli kjent før alle framsyningane starta laurdagen.

Resultat: Festivalen vart utvida til 3 dagar og vi starta med å sette opp produksjonen av festivalen fredag morgon. Scenetekniske prøver / ljodprøver var og satt opp denne dagen. Fredag ettermiddag var det innkvartering av alle deltakarane på overnattingsarena som var i Haugeveien 28 (Bergen tekniske fagskole sine lokalar) frå kl.17:00. «Kick-off» starta kl.20:00 og frå scena på USF var det konsert med tidlegare UKM-deltakarar frå Hordaland. Pizza vart servert til alle deltakarane her.

3. Prinsipp for deltaking:

Å representere sin kommune under UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden i Bergen. UKM skal vektleggjast som ei møteplass. UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjør ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som representerer sin kommune fortener å få oppleve denne heilskapen, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye vener. Overnatting med «prinsipp for deltaking» er nasjonal standard under UKM på fylkesnivå.

Resultat: Prinsipp for deltaking vart gjeldande under UKM-festivalen i Hordaland 2016. Dette vart presentert og diskutert under nettverkssamlinga med kommunekontaktane hausten 2015.

4. Samarbeid med ein vidaregåande skule om UKM Media:

Vi har tidlegare opplevd at det er få deltakarar i kategori «Media». Denne deltakar-gruppa har ansvar for å ta bilete og gjere intervju av deltakarar under festivalen. I tillegg har vi ein HD-buss frå UKM Norge på besøk som syt for utstyr til ein fleirkameraproduksjon. Med denne produksjonen får vi livestreama alle sceneinnslag på nett og desse vert lagra på nettsida ukm.no/hordaland i etterkant. Men til dette arbeidet er vi avhengig av ein større gruppe deltakarar i UKM Media. For å sikre oss å ha nok deltakarar i denne kategorien var det eit ønskje om å samarbeide med ein vidaregåande skule som hadde medium og kommunikasjon som studieretning.

Resultat: På førespurnad takka Nordahl Grieg vidaregåande skule ja til å samarbeide med oss på dette. Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 deltok 10 elever frå denne skulen i UKM Media og to lærarar var tilstade som redaktørar. Det var 4 deltakarar i denne kategorien som var vidaresendt frå kommunar til UKM-festivalen i Hordaland i denne kategorien. Til saman hadde vi dermed 14 ungdommar i UKM Media og 2 vaksne redaktørar. Dette førte til ei svært god mediedekning gjennomført av ungdommar.

5. Profesjonelt husband:

Vi hadde tidlegare opplevd at mange deltakarar stod åleine med playback på sin scene-framsyning. Etter fylkesmønstringa i 2015 hadde vi eit ønskje om å styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit husband med profesjonelle musikarar å spele med.

Resultat: Under festivalen i 2016 hadde vi eit husband beståande av fire profesjonelle musikarar som spelte på scena med utøvarane. Denne moglegheita var open både for dei deltakarane som spelte i eit mindre band, og dei som stod åleine på scena under eiga framsyning. 14 scene-innslag takka ja til dette tilbodet og hadde øving med husbandet i forkant av framsyninga. Tilbakemeldingar frå deltakarane på dette var svært gode.



Foto: UKM Media Hordaland

6. Workshops under festivalen med profesjonelle utøvarar

Workshops vart innført for fyrste gong i 2015, og vart vidareført og styrka i 2016. Dette for at deltakarane skulle få høve til å lære noko nytt, møte andre som liker å gjere det same som ein sjølv og få kjensla av at UKM er meir enn berre ein kort opptreden.

Følgjande 11 workshops vart gjennomført under UKM-festivalen i Hordaland 2016:

o **Vegen vidare etter UKM**

Av: Joar Nicolaysen (Brak) og dePresno (artist)

Artist og låtskrivar dePresno og musikkorganisasjonen Brak gjekk i denne workshopen m.a. gjennom ein innføring i korleis ein som nystarta band / artist skal gå fram for å få spelejobbar frå eit «gjer det sjølv» - perspektiv. Alt frå starten med Facebook Page, biografi, Urørtprofil, booking-førespurnader til stadfesta spelejobbar, rider, honorar osv.

Om dei ansvarlege for workshopen:

Bjarte dePresno hadde sin fyrste konsert i 2014 og vant Eggstockfestivalen og i 2015. I 2017 var han i Urørt-finalen og fekk mykje internasjonal merksemd under by:Larm i Oslo. Under workshopen ga Bjarte tips til alle artistar som har ønskje om å satse på musikken og fortelje om korleis han jobbar med sitt management og kva ein må tenke på i musikkbransjen.

Brak er eit kompetansesenter for alle som driver med musikk i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei fungerer som ein døropnar, vegleiar og bindeledd som løfter alle aktørar innan musikkfeltet til neste nivå. Dei arrangerer gratis kurs og tilbyr rådgiving.

o **Festivalfotografering**

Av: Jarle H. Moe.

Workshopen inkluderte m.a. følgjande:

- Gjennomgang av kva slags utstyr som passer til konsertfoto
- Korleis ein skaffar seg fotopass
- Korleis ein førebur seg til å fotografere ein konsert
- Korleis ein bør oppføre seg når ein tek bilete på konsert (pit-etikette) – og kva regler ein må halde seg til
- Korleis fotografere med manuelle innstillingar på kameraet – og kva innstillingar som passer best til konsertfoto
- Kva ein bør fotografere på en konsert, og korleis ein komponerer gode konsertbilete
- Praksis: gruppa som deltok på workshop fekk fotografere generalprøven til husbandet og deltakerane som skulle spele under UKM-festivalen i Hordaland
- Korleis ein vel ut bilete til redigering

- Korleis ein redigerer konsertbilete i Lightroom / Photoshop
- Kva ein bør gjere med bileta etterpå

Om den ansvarlege for workshopen:

Jarle H. Moe er konsertfotograf / fotojournalist og fotograferer om lag 200 konsertar i året.

- **Kunst**

Av: Adriana Alves.

I denne workshopen fekk deltakarane høve til å lage eit relieff (tredimensjonalt bilete), minimalistisk eller konstruktivistisk ånd. Adriana tok med seg planker i ulik storleik, lerret og maling. Saman skulle gruppa skape noko som dei kunne stille ut saman med dei andre verka i utstillinga.

Om den ansvarlege for workshopen:

Adriana Alves har ein mastergrad i kunst ved Kunsthøgskolen i Bergen (2006) og har sidan den tid vore med i gruppeutstillingar i inn- og utland, i tillegg til eigne utstillingar. Ho har motteke fleire stipend og priser, m.a. Høstutstillingsprisen under Høstutstillingen på Kunstnernes Hus i 2007.

- **Konferansier**

Av: Guri Solberg

Guri hadde fyrst ein workshop på 3 timar laurdag morgon der ho snakka med deltakarane om kva som må til får å gjere ein god jobb som konferansier. Deltakarane fekk her øve seg på scena, snakke om kva som er lurt å seie, og korleis ein vil seie det. Etter denne workshopen fylgde ho opp konferansier-deltakarane under alle framsyningane resten av helga.

Om den ansvarlege for workshopen:

Guri Solberg arbeider i TV 2, har jobba mykje som konferansier og har lang erfaring som programleiar på radio og tv. Guri Solberg har m.a. leia program som «Skal vi danse», «Idol» og «X Factor».

- **Vokal**

Av: Gabriela Garrubo.

På denne workshopen vart det arbeid med grunnleggjande songteknikk, øvingar, og korleis det er å stå på scena.

Om den ansvarlege for workshopen:

Gabriela Lie Garrubo har bakgrunn i jazz og studerar utøvande jazz ved Griegakademiet.

- **Kunsten å formidle**

Av: Vestlandske teatersenter v/ Tanita S. Guldbrandsen (skodespelar)

Her fekk deltakarane lære om korleis å bli meir bevisst på kva ein formidlar frå scena gjennom kroppsspråk og haldning, noko som er viktig både innan musikk, song, teater og dans.

Om den ansvarlege for workshopen:

Vestlandske teatersenter (VT) er eit regionalt kompetansesenter for teater og drama på Vestlandet. VT sitt fokus er på barn, unge, amatørteater og organisasjonar. God scenekunst og ny dramatik er eit hovudmål, og VT sin intensjon er å stå for eit best mulig samla teatertilbod for barn og unge på Vestlandet.

- **Filmklipping**

Av: Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF).

BIFF arrangerte eit klippekurs i sine eigne lokalar på USF Verftet der workshopen vart delt inn i ein teoretisk og praktisk del i filmklipping. I den teoretiske delen vart deltakarane presentert for kva ein må gjere som filmklippar i ulike sjangrar og format. Vidare om korleis store TV-produksjonar og mindre prosjekter – som dokumentarar og kortfilm – fungerer. Det vart undervisning i dramaturgi og prinsipp innan klipping. Kursleiarane fokuserte på korleis klipping handlar om god historieforteljing. Dei viste kva som må gjerast i etterarbeid slik at historia ein ønskjer å fortelje kjem godt fram. Kursleiarane hadde også med scener frå produksjonar som deltakarane kunne klippe sjølv.

I den praktiske delen fekk deltakarane nytte redigeringsprogrammet Premiere Pro. Denne delen passa både for dei som kjente til Premiere Pro, men som ville lære meir avanserte teknikkar og arbeidsflyt, men den passa også for dei som nytta andre redigeringsprogram.

Om den ansvarlege for workshopen:

Bergen Internasjonale Filmfestival har vore arrangert i Bergen kvart år sidan 2000. Festivalen er Noreg sin største filmfestival når det gjeld tal på filmar som vert vist på festivalen.

○ **Låtskriving**

Av: Ingjerd Tranvåg.

Ingjerd hadde her ein workshop som i hovudsak var ein innføring i låtskriving og singer-songwriter-verda. Ho gjekk gjennom prosessen med å ta fatt i ein idé – eller tanke, som ein kvar tekst eller melodi startar med, få den ned på papiret og nytte gode verktøy for å kunne skape ein ferdig låt. Vidare var det gjennomgang av form og oppsett av ein tekst, arbeid med nokre av dei viktigaste verkemidlane til ein låtskrivar o.a. Ingjerd tok stor høgde for at alle deltakarane jobba på forskjellig vis som låtskrivar og at det ikkje eksisterer berre ei løysing for korleis å skrive ein låt. Derfor vart det gjennomgått fleire ulike framgangsmåtar for å hjelpe kvar einskilde deltakar med å finne sin eiga arbeidsmetode som ein viktig start for vidare utvikling.

Om den ansvarlege for workshopen:

Ingjerd Tranvåg har jobba som utøvande låtskrivar, vokalist og gitarist i snart 6 år og er mest kjent for å ha starta opp folkpop-bandet Woodland Circus. Ho har spela eit mangfald av konserter med eigenkomponert materiale både i band-, solo- og duo-format og har mykje erfaring med å spele inn materiale i studio.

○ **Dans**

Av: *Stephanie M. Mowinckel (Schang)*.

På workshopen fekk deltakarane lære ulike hip hop steg / variasjonar, jobbe med eigen stil, uttrykk og kreativitet, og lære ein kombinasjon / koreografi. Workshopen hadde ope nivå og det var plass til alt frå nybegynnarar til vidarekomne. Resultatet frå denne workshopen (koreografien) vart vist fram som avslutningsnummer på UKM-festivalen i Hordaland.

Om den ansvarlege for workshopen:

Stephanie M. Mowinckel er utdanna innan jazzdans og kommersielle stiler i London. Ho jobbar som frilans dansar og koreograf, og er medlem av dansekompaniet Schang som er eit av dei mest anerkjente kompani i Norge innan kommersiell dans.

○ **Graffiti**

Av: AtWall.

Under workshopen fekk alle deltakarane prøve seg med ein sprayboks, uavhengig om dei hadde erfaring frå tidlegare eller ikkje. Resultatet av denne workshopen blei denne vegggen på baksida av Kulturhuset USF:



Bergen Graffiti er ein gjeng graffitiartistar som har gjort fleire av dei store, fine verka som er synleg i uteområda i Bergen.

○ **Husband**

Husbandet under UKM-festivalen i Hordaland 2016 var ein kvartett sett saman av profesjonelle musikarar frå Bergen med kjærleik for all slags musikk. Det einaste bandet trengte å vite frå deltakarane som ville nytte seg av dette tilbodet, var kva dei skulle spele på festivalen. Kapellmeister var behjelpeleg med å finne noter og / eller lage arrangement. Dei som hadde meldt seg på for å spele med husbandet under festivalen, fekk høve til ein generalprøve med husbandet på scena denne helga. I tillegg til denne generalprøva hadde alle påmeldte deltakarar fått høve til å øve med husbandet i forkant.

Presentasjon av husbandet:

Erik Halvorsen: kapellmeister, tangentinstrument/programmering. Erik har vore profesjonell muskar sidan 1994 og har utdanning ved Griegakademiet i Bergen. Jobbar som freelancemuskar og er med anna kjent frå Erik Halvorsen trio.

Morten Færestrand: gitar. Morten har vore profesjonell muskar sidan 1994. Utdanna frå Mannes Jazz (New York) og Berklee College of Music (Boston)

Ivar Thormodsæter: slagverk. Ivar har vore profesjonell muskar sidan 2000, har utdanning frå jazzlinja ved Musikkonservatoriet i Trondheim, og har spelt mykje med t.d. Madcon og Nora.

Anders Bitustøyl: el-bass/kontrabass. Anders har vore profesjonell muskar sidan slutten av 1990-talet og har m.a. spela med artistar som Morten Abel, Ephemera, Karin Park og Ylvis.



Foto: UKM Media Hordaland

GJENNOMFØRING

UKM-festivalen i Hordaland vart arrangert 15.-17.april på USF Verftet. Overnattingsarena var Bergen tekniske fagskole sine lokalar i Haugeveien 28. 262 ungdommar deltok som representantar frå sin kommune i kategoriane film, kunst, UA (arrangør og sceneteknikk), musikk, litteratur, dans, teater, konferansier og media. På lokalt plan var det totalt 758 ungdommar som hadde delteke i lokale arrangement.

Det vart gjennomført sosiale aktivitetar i regi av UA og URG, både på framsyningsarena og overnattingsarena. Frukost og kvelds vart servert på overnattingsarena, medan dei andre måltida vart servert på framsyningsarena. I 2016 fekk vi besøk av URG Nordland, URG Akershus, URG Hedmark og URG Sør-Trøndelag. Saman med URG Hordaland fekk denne gruppa i oppgåve å sette opp kunstutstillinga og ha ansvar for opning av denne.

Workshops var dette året arrangert både laurdagen og sundagen og alle deltakarane fekk høve til å delta på minst ein workshop denne helga. Oppmøte på workshops var svært mykje høgare dette året, samanlikna med oppmøte i 2015, då workshops berre vart arrangert laurdag morgon. Etter 3-timers workshop-program var det servert lunsj, etterfylgt av framsyningar for publikum.

Tilbakemeldingane på husbandet viste at dette var eit stort løft, både for deltakarane som spelte med husbandet og for kvaliteten på framsyningane.

I god tid før nettverkssamlinga hausten 2015 fekk alle kommunekontaktane tilsendt eit infoskriv om UKM i Hordaland 2015/2016 og dette var eit av fleire tema på møtet. Det var og høve til å kome med skriftlege innspel før og etter møtet. Vi opplevde at vi fekk mange positive tilbakemeldingar på infoskrivet som m.a. omhandla «prinsipp for deltaking». Det var ingen kommunekontaktar som sa i frå om at dette ikkje var greitt. I mars/april i 2016 (2-3 veker før UKM-festivalen i Hordaland) forstod vi på nokre lokalkontaktar at det var eit utfordrande arbeid å få på plass vaksne som kunne sove med kommunens representantar under festivalhelga. Dette tok vi med oss i arbeidet vidare.

Etter UKM-festivalen i Hordaland 2016 var deltakarar og kommunekontaktar spurt om å svare på eit nettbasert evalueringsskjema. Tilbakemeldingar på dette, i tillegg til innspel og forslag vi fikk i etterkant, gjekk vi gjennom og vurderte grundig i mai. Dette har også vore diskusjonstema med ungdomsgruppa. Fyrste møte med denne gruppa var i august og det har vore møte kvar månad etter dette. Ungdomsgruppa inkluderer framleis URG og UA men har vekse frå 10 ungdommar hausten 2015 til å bestå av 26 ungdommar etter UKM-festivalen i Hordaland 2016. Ungdom veit sjølv best kva ungdom vil ha, så vi ser det som heilt naudsynt å gjere dette arbeidet.

UKM-festivalen i Hordaland er eit kostbart arrangement som krev store ressursar. Det er kostbart å drive UKM, både i form av midlar og arbeidsinnsats. UKM var i sin tid bygga på «frivilligheitsmodellen», noko som ikkje er lett å gjennomføre når det er offentlege aktørar som er involvert i heile prosessen. I UKM må dei vaksne i systemet stadig prøve ut og tenke nye vegar. Brukargruppa (deltakarane i UKM) endrar seg heile tida og vi må stadig sjå etter nye former på korleis vi kan utvikle UKM Hordaland. Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2017 ei auke på 150 000 kroner til UKM Hordaland, frå 400 000 kroner til 550 000 kroner, noko som gjer det mogleg å fortsette kvalitetsutviklinga av UKM Hordaland.



Foto: UKM Media Hordaland

ØKONOMI

Rekneskap for 2016:

Utgifter:	
Honorar til produsent - AKKS Bergen	150000
Husleige UKM-festivalen i Hordaland - USF Verftet	316575
Husleige overnattingsarena inkl. Securitas	32956
Husleige kinosal på USF Verftet – Cinemateket	8750
Leige av teknisk utstyr til sceneopvisning	41596
UA-workshop 11.-13.mars(reise, overnatting, mat, husleige USF Verftet)	88229
Innkjøp av utstyr til festivalen (m.a. gåver til UKM-deltakarar)	43899
Beverting/matvarer under UKM-festivalen i Hordaland	110690
Honorar sjølvstendig næringsdrivende. Husband og Workshops	180523
Løn til profesjonelle under UKM-festivalen i Hordaland	30313
Reise- og deltakaravgift under UKM-festivalen (landsfestivalen i Trondheim)	102897
Årsavgift til UKM Norge (inkl. årsavgift for kommunane i Hordaland)	17000
Sum utgifter	1123428

Inntekter	
Budsjett HFK	400 000
Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank	250 000
Deltakeravgift frå kommunane	163 800
Refusjon frå fylkeskommunar	14 995
Kompensert MVA	89 121
Sum inntekter	917 916

UKM-festivalen i Hordaland 2017

UNGDOMSMEDVERKNAD

Fylkeskontakt og produsent har hatt møte med ungdomsgruppa kvar måned frå august 2016 for å førebu UKM-festivalen i Hordaland 2017. Det har vore oppretta ei lukka Facebook-gruppe der 26 ungdommar frå Hordaland deltek på bakgrunn av at dei ønskjer å vere med i utviklinga av UKM Hordaland. Ungdomsgruppa inkluderer framleis URG og UA. Evalueringa frå UKM-festivalen i Hordaland 2016 var prioritert på dei fyrste møta med ungdommane, der ungdommane har kome med innspel og forslag til forbetringar. Ungdomsmedverknad er eit ressurskrevjande arbeid, men vi ser det som heilt naudsynt å halde fram dette arbeidet. UKM Hordaland skal vera av, med og for ungdom som bur i Hordaland.



Foto: UKM Media Hordaland

NYE SATSINGAR I 2017

Alle dei nye satsingane frå 2015 og 2016 vart vidareført til 2017. I tillegg til dette vart vi einig med ungdommane om å innføre desse nye satsingane for UKM-festivalen i 2017, etter råd og innspel frå ungdommane sjølve:

1. Røde kors Hordaland som vaktar på overnattingsstaden:

I oppgåva om å ha ansvarlege vaksne tilstade på kveld og natt under UKM-festivalen i Hordaland, styrke kompetansen blant desse og samtidig styrke tilbudet til ungdom med god oppfølging, var det eit ønskje å inngå samarbeid med ein større aktør frå det frivillige feltet med relevant erfaring i høve oppgåvene. Av omsyn til at det er om lag 300 ungdommar med ulik bakgrunn i sosiale lag, religion, etnisitet og nasjonalitet i alder 13-20 år som skal overnatte i lag, er det viktig at dei vaksne som overnattar med desse er ansvarlege vaksne, viser respekt for ungdommane, er upartiske, nøytrale og vennlege i møte med dei. Det er i tillegg viktig at dei vaksne kan assistera og har kunnskap om både fysisk og psykososial førstehjelp dersom det skulle oppstå behov.

Resultat: Røde Kors Hordaland vart engasjert til å stille med 20 frivillige på overnattingsarena frå kl.20:00 – 10:00 fredag til laurdag og laurdag til søndag. Dei frivillige i Hordaland Røde Kors har både større og breiare erfaring enn kva som er vanleg å forventa av reiseleiarar i UKM. Med frivillige frå denne organisasjonen var ein trygg på at UKM-deltakarane blei ivareteke på ei god måte under UKM-festivalen i Hordaland på kveld og natt.

2. Obligatorisk deltaking under UA-workshop:

UA-workshopen i forkant av UKM-festivalen i Hordaland 2016 var frivillig for UA-deltakarane å delta på. Det var litt over halvparten av denne gruppa som deltok på denne og vi opplevde at desse ungdommane hadde mykje større kjensle av eigarskap til festivalen der dei sjølv hadde bestemt kva oppgåver UA skulle gjere og kva sosiale aktivitetar ein skulle ha. Frå evalueringa av UKM-festivalen i 2016 var det klart for oss at denne workshop måtte vere obligatorisk i 2017 då den gjer UA-deltakarane godt førebudd på UKM-festivalen i Hordaland. I tillegg er det sosiale aspektet tungt vektlagt, då denne helga gjer det mogleg for UA-deltakarane å bli ei god arbeidsgruppe der alle kjenner kvarandre. Ungdommane meinte og at det er eit føremon at Media-deltakarane i tillegg blei invitert for å sette preg på korleis dei ønskjer å jobbe med film og foto under festivalen.

Resultat: UA-workshop vart obligatorisk for dei som deltek som UA under UKM-festivalen i Hordaland 2017 og vart arrangert 18. og 19. mars i Bergen. Deltakarar frå UKM Media vart invitert og fleire av desse stilte opp. Helga inkluderte mat og overnatting for alle deltakarane. Fylkeskontakt og produsent stod ansvarleg for innhaldet i workshopen. Laurdag kveld var det sosiale aktivitetar på programmet, aktivitetar som var planlagt på førehand av ungdomsgruppa i lag med fylkeskontakt og produsent.

3. Samarbeid med Hyssingen produksjonsskole om UKM Media:

I Hordaland er det få deltakarar som meld seg på i kategori «Media» i sine kommunar. Det er difor framleis eit behov for medie-samarbeid under UKM-festivalen i Hordaland 2017. I 2016 hadde vi eit godt samarbeid med Nordahl Grieg vidaregåande skule. I 2017 vart det inngått samarbeid med Hyssingen Produksjonsskole.

Resultat: 6 elevar frå Hyssingen produksjonsskole vart med UKM Media, der 5 av desse var med i fleirkameraproduksjonen (livestreaming). Elevane var særst dyktige og det hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre fleirkameraproduksjonen utan desse.



Foto: UKM Media Hordaland

Workshops

Følgjande 11 workshops vart gjennomført på UKM-festivalen i 2017:

- **Sceneworkshop**

Av: Kjetil Osablod Grønvigh (backlineteknikar) og Eirik Søfteland (artist)

Alle som skulle opptre på scena under festivalen fekk høve til å delta på sceneworkshop fredagen. Under denne fekk alle innføring i korleis ein best kunne forberede seg til ein framsyning, og kva ein bør kommunisere til teknikarar og korleis ein kan gjere nervøsiteten til noko positivt.

Om den ansvarlege for workshopen:

Om dei ansvarlege for workshopen:

Kjetil Osablod Grønvigh er teknisk under UKM-festivalen i Hordaland 2017, kommunekontakt for UKM i Os og jobbar med lokalmønstringa til Os og Fusa.

Eirik Søfteland har erfaring både som artist, konferansier og dansar – både frå store og små scenar.

- **Kreativ tekst**

Av: Selim Mucic

På denne workshop fekk deltakarane jobbe med tekst frå inspirasjon til ferdigstilling, med hovudvekt på kreativitet. Vidare om korleis ein skal jobbe med inspirasjon, idéutvikling, og trene på å være i sonen.

Om den ansvarlege for workshopen:

Selim Mucic / Action The Man er ein hip-hop-artist som har produsert bergensspråkleg musikk i meir enn 15 år.

- **Illustrasjon og idéutvikling**

Av: Robert Høyem

Workshopen hadde fokus på illustrasjon, design og idéutvikling, retta mot musikkbransjen. Workshopen var vidare delt inn i ein teoretisk del samt ein praktisk del. Den teoretiske delen gjekk m.a. ut på meir inngående forklaringar på korleis idear har blitt til, og korleis ein kan få på plass ulike løysingar både praktisk og idémessig. Workshopen hadde difor nytteverdi både for aspirerande illustratørar og designarar, samt dei som er interessert i å vite korleis ein kan vere med og utvikle idear og utføre arbeid innan illustrasjons- og designbransjen.

Om den ansvarlege for workshopen:

Robert Høyem. Robert jobbar som grafisk designar og illustratør i Overhaus i Bergen. Han har utdanning frå Kunstskolen i Bergen, og ein bachelor i Visuell Kommunikasjon frå Kunst- og designhøgskolen.

- **Samspill**

Av: Omar Johnsen.

På denne workshopen fekk deltakarane eit større innblikk i kunsten å spele i band med andre. Workshopen hadde både ein teoretisk og ein praktisk del. Det vart satt saman band basert på informasjon i påmeldingsskjemaet, og ein øvde på ein låt saman. Føremålet var å bli kjent med andre og utforske korleis det er å samarbeide musikalsk.

Om den ansvarlege for workshopen:

Omar har master i musikkpedagogikk frå HiB, og har jobba som instruktør i både gitar og samspel i fleire år. Han har erfaring innan dei fleste sjangrar, og har turnert verda rundt som medlem i Casiokids.

- **Formidling**

Av: Ingrid Frivold.

Her fekk deltakarane høve til å jobbe med korleis å få fram uttrykket i det ein framfører. Anten deltakarane var konferansier, skodespelar eller artist er kunst å formidle viktig. Ingrid gjekk m.a. gjennom kva det vil seie å kommunisere frå ei scene og eige eit publikum.

Om den ansvarlege for workshopen:

Ingrid spelar trompet i en rekke band, bl.a. det Spelemannsvinnande Beglomeg, Frank Znort Quartet og Performance-gruppa Mimir.

- **Musikaldans**

Av: Stephanie Mowinckel.

Dans vert nytta i mange ulike formar og oppsetjingar og i denne workshopen var det fokus på dans i musikal-samanheng, og korleis ein som ensemble samarbeider.

Om den ansvarlege for workshopen:

Stephanie er utdanna innan jazzdans og kommersielle stiler i London. Ho jobbar som frilans dansar og koreograf, og er medlem av dansekompaniet Schang.

- **Yoga**

Av: Audhild Naustdal.

Her fekk deltakarane lære teknikkar som kan vere til hjelp for å finne tilbake til roen når ein er stressa, få betre konsentrasjon. Vidare lærte dei ein bestemt pusteteknikk ein kan nytte før ein t.d. skal opptre, på jobbintervju eller i andre situasjonar der ein er nervøs eller urolig.

Om den ansvarlege for workshopen:

Audhild driver og jobbar i Skandinavisk Yoga og Meditasjonsskole, og har undervist i Yoga sidan 1990.

- **Brak**

Av: Marie Amdam.

Gjennom denne workshop fekk deltakarane vite m.a. korleis ein kan satse som artist, korleis ein får spelejobbar, og korleis ein skaffar seg eit kontaktnettverk.

Om den ansvarlege for workshopen:

Marie Amdam er vokalist i Razika og styreleiar i musikkorganisasjonen Brak.

- **Festivalfilm**

Av: André Larsen.

Under denne workshopen var oppgåva å lage ein oppsummeringsfilm (festivalfilm) av UKM-festivalen i Hordaland 2017 på om lag 3 minuttar. Deltakarane fekk lære korleis ein lager slike filmar og var med på å filme til denne. Deltakarane fekk her m.a. lære meir om teknikk og idéprosess innan lyd, lys og bilde.

Om den ansvarlege for workshopen:

André var dette året leiar for URG Norge, og har jobba med film i mange år.

- **Media**

Av: Cathrine Langfjell Torsvik.

UKM Media vart laurdag morgon samla for workshop der dei blei kjent med kvarandre og arbeidsoppgåvene dei skulle ha resten av helgen, i tillegg til kva det inneber å vere ein del av ein redaksjon. Cathrine følgja opp UKM Media resten av helga.

Om den ansvarlege for workshopen:

Cathrine har medieutdanning og har vore med i UKM fleire gongar tidlegare, både som deltakar og som nettredaktør.

- **Husband**

Dei som hadde meldt seg på for å spele med husbandet under festivalen, fekk her høve til ein generalprøve med husbandet på scena. I tillegg til denne generalprøva hadde alle påmeldte deltakarar fått høve til å øve med husbandet i forkant.

Husbandet under UKM-festivalen i Hordaland 2017 var ein kvartett sett saman av profesjonelle musikarar frå Bergen med kjærleik for all slags musikk. Det einaste bandet trengte å vite frå deltakarane som ville nytte seg av dette tilbodet, var kva dei ville spele på festivalen. Kapellmeister var behjelpeleg med å finne noter eller lage arrangement.

Presentasjon av husbandet:

Erik Halvorsen: kapellmeister, tangentinstrument/programmering. Erik har vore profesjonell musikar sidan 1994 og har utdanning ved Griegakademiet i Bergen. Jobbar som freelancemusikar og er med anna kjent frå Erik Halvorsen trio.

Morten Færestrand: gitar. Morten har vore profesjonell musikar sidan 1994. Utdanna frå Mannes Jazz (New York) og Berklee College of Music (Boston)

Einar Olsson: slagverk. Einar er trommeslager og studioprodusent. Han har m.a. spelt med artistar som Silja Sol, Casiokids, Kakkaddafakka og mange fleire.

Anders Bitustøyl: el-bass/kontrabass. Anders har vore profesjonell musikar sidan slutten av 1990-talet og har m.a. spela med artistar som Morten Abel, Ephemera, Karin Park og Ylvis.




Foto: UKM Media Hordaland

GJENNOMFØRING

UKM-festivalen i Hordaland 2017 vart arrangert 28.-30.april på USF Verftet. Kunstutstillinga vart vist fram i Visningsrommet USF, alle filmene vart vist i kinosalen i Cinemateket USF og alle sceneframvisningane vart vist frå scena i Røkeriet USF. Overnatting var i Bergen tekniske fagskole sine lokalar i Haugeveien 28. 233 ungdommar deltok som representantar frå sin kommune i kategoriane film, kunst, UA (arrangør og sceneteknikk), musikk, litteratur, dans, teater, konferansier og media. På lokalt plan var det totalt 827 ungdommar som hadde delteke i lokale arrangement.

Det vart gjennomført sosiale aktivitetar i regi av UA og URG, både på framsyningsarena og overnattingsarena. Frukost og kvelds vart servert på overnattingsarena, medan dei andre måltida vart servert på framsyningsarena.

«Prinsipp for deltaking» vart framleis gjeldande, men Hordaland fylkeskommune tok oppgåva med å sørge for at det var ansvarlege vaksne som overnatta med deltakarane. Røde Kors Hordaland vart difor engasjert til dette.

Workshops var dette året også arrangert både laurdagen og sundagen og alle deltakarane fekk høve til å delta på minst ein workshop. Det var eit godt oppmøte på dei ulike workshops. Etter 3-timers workshop-program var det servert lunsj, etterfylgt av framsyningar for publikum.

Tilbakemeldingane på husbandet viste at dette var svært positivt, både for deltakarane som spelte med husbandet og for kvaliteten på framsyningane.

Etter UKM-festivalen i Hordaland 2017 var deltakarar og kommunekontaktar spurt om å svare på eit nettbasert evalueringsskjema. Tilbakemeldingar på dette, i tillegg til innspel og forslag vi fikk i etterkant, gjekk vi gjennom og vurderte grundig i mai og juni. Dette har også vore diskusjonstema med ungdomsgruppa. Fyrste møte med denne ungdomsgruppa var i juni og det har vore jamlege møter etter sommaren. Av erfaring frå 2016 la vi denne gong inn krav for å bli med i ungdomsgruppa. Krava var at dei måtte ha tid og ynskje til å stille på møter og at dei måtte delta på UKM lokalt. Ungdomsgruppa består no av 10 ungdommar og arbeidet med desse har betydeleg verdi for vegen vidare i utviklinga av UKM Hordaland. Ungdom veit sjølv best kva ungdom vil ha, så vi ser det som heilt naudsynt å gjere dette arbeidet.



Foto: UKM Media Hordaland

ØKONOMI

Førebels rekneskap for 2017 *

Utgifter:	
Honorar til produsent - AKKS Bergen	150000
Husleige UKM-festivalen i Hordaland - USF Verftet (inkl. teknisk utstyr)	325181
Husleige overnattingsarena inkl. Securitas	29088
Husleige kinosal på USF Verftet - Cinemateket	9500
UA-workshop 18.-19.mars (reise, overnatting, mat)	19256
Hordaland Røde Kors	39 900
Innkjøp av utstyr til festivalen (m.a. gaver til UKM-deltakerar)	23461
bevertning/matvarer under UKM-festivalen i Hordaland	109009
Honorar sjølvstendig næringsdrivande. Husband og Workshops	145991
Løn til profesjonelle under UKM-festivalen i Hordaland (inkl. arbeidsgivaravgift)	31270
Reise- og deltakaravgift under UKM-festivalen (landsfestivalen i Trondheim)	108887
Årsavgift til UKM Norge (inkl. årsavgift for kommunane i Hordaland)	18727
Sum utgifter	1010270

Inntekter:	
Budsjett HFK	550 000

Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank	250000
Deltakaravgift frå kommunane	159228
Refusjon frå fylkeskommunar	7633
Kompensert MVA	80472
Sum inntekter	1 047 333

Resultat:	37 063
-----------	--------

* Rekneskapan har ikkje vore til handsaming hos revisor og det vert difor teke atterhald om endringar.

Vegen vidare

SAMARBEID MED PRODUSENT FOR ÅRA 2018-2019

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. Til dette arbeidet er det naudsynt med eit samarbeid om den praktiske gjennomføringa av festival-helga og samarbeid på utvikling av UKM Hordaland. Kultur- og idrettsavdelinga har vurdert det slik at kontrakt med AKKS Bergen vert vidareført og ny kontrakt for åra 2018-2019 vert inngått. Dette med hovudårsak i at arbeidet framleis er under utarbeiding og at vi så langt har erfart at det er noko fleire kriteria som må liggje til grunn hos organisasjonen det vert samarbeidd med. Av frivillige organisasjonar på kulturfeltet i Hordaland er det så langt Hordaland fylkeskommune kan sjå, ingen andre enn AKKS Bergen som oppfyller desse krava.

UKM-FESTIVALEN I HORDALAND 2018

Av omsyn til det regionale ansvaret vi har i UKM Hordaland, er det viktig at UKM-festivalen i Hordaland flytter på seg og at denne festivalen ikkje vert sett på som eit Bergen-arrangement.

UKM-festivalen i Hordaland vert i 2018 arrangert 20.-22.april på Kulturhuset Husnes i Kvinnherad. Overnattinga vert på Kvinnherad vidaregåande skule. Hausten 2017 var fylkeskontakt og produsent på synfaring på Kulturhuset Husnes, saman med ungdomsgruppa. Ungdommane er veldig positive til at festivalen vert arrangert på denne plassen. Vi ser frem til nye utfordringar i å arrangere UKM-festivalen i Hordaland.